

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje barnehage

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3892 - 16/6962

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
10.03.2016

FEDJE BARNEHAGE - VURDERING AV FUKTSKADE OG EV. MUGGSOPP

Styrrar i Fedje barnehage, Kristine Rossnes, kontakta Miljøretta helsevern den 4.3.16. med eit ynskje om å vurdere fuktskade og ev. muggsopp i innemiljøet. Dette på grunnlag av vasslekkasje via ventilar i taket.

Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde utførte ei synfaring i Fedje barnehage den 9.3.16.

➤ *Synfaring og fuktmåling*

Det vart utført ei indikasjonsmåling på synfaringa.

Som måleinstrument vart Fuktmålar (Drieaz Moister Counter) nytta for å finne mogleg fukt i veggjar og tak. Apparatet vart innstilt etter underlaget som skulle målast (tre, betong osv.).

Ei indikasjonsmåling gjer ikkje endeleg svar, men ei indikasjon på ev. fukt. Der det vert utslag på fuktmålar, bør vidare undersøkingar ev. utførast.

- **Tak på toalett:**

Grunnlag: Det har komme vatn inn via ventil i tak, grunna ventil mangla takhette.

Observasjon: Det er montert ny ventilasjonskanal, ventil og takhette. Takplater som har vore utsett for fukt er skifta. Ved inspeksjon på loftet, vart det ikkje funne fukt i isolasjonsmateriale. Det var noko fukt på sutakplate rundt ventilasjonsrøyr. Dette var svært begrensa og vil tørke fort opp, nå som det er montert takhette. Det lukta friskt, og det var ingen teikn til fuktskade eller oppvekst av muggsopp.

Konklusjon: Fuktskade er utbetra. Det er ingen teikn til fuktskade eller muggvekst. Det er ikkje grunnlag for vidare undersøkingar/målingar.

- **Tak over kjøkken på stor avdeling:**

Grunnlag: Det har komme vatn inn via ventil i tak. Dette er ei gammel skade.

Observasjon: Rundt ventilopning over kjøkken er det noko synleg fuktmerker på takplatene. Dette er ei gammel skade, og ventil er kopla frå og ikkje lengre i bruk.

Ved inspeksjon på loftet vart det observert at ventil er kopla frå og ikkje vidareført over tak. Det er bygd ei boks over ventilopninga. Det vart ikkje observert noko isolasjonsmateriale rundt boksen.

Konklusjon: Gammel fuktskade er utbetra. Takplater over kjøkken har fuktmerker, men det er ikkje mistanke om muggvekst på desse. Takplater bør skiftas av estetisk omsyn.

Det er ingen teikn til fuktskade eller muggsopp. Det er ikkje grunnlag for vidare undersøkingar/målingar.

➤ **Konklusjon:**

Fukt som har kome inn via ventil på toalett og kjøkken er stoppa og skade utbetra.

Det vart ikkje observert fukt eller oppvekst av muggsopp som kan forringe innemiljøet.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna på tlf. 56 37 57 70 / 950 19 609.

Med helsing

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ernst Horgen
Kristine Rosnes
Vidar Bråthen
Øyvind Tolleshaug